

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Sogndal hotell, Sogndal
Dato: 07.12.2017
Tidspunkt: 10:30

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 95 88 94 75. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 40/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 41/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 42/17	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 36/17	Referat frå Fylkesmannen sitt møte med reiselivet i Briksdalen		
RS 37/17	Statens naturoppsyn lokalt presenterer årsrapport		
RS 38/17	Suphellebreen - Naturoppsyn Anne Rudsengen refererer frå synfaring og møte med grunneigar og kommune		
ST 43/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Vurdere krav om retting		2017/747
ST 44/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestilling av tiltaksmidlar for 2018		2017/3850
ST 45/17	Eventuelt		

ST 40/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjent

ST 41/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 42/17 Orienterings- og drøftingssaker

- **Vikariering og prioritering av saker og arbeidsoppgåver**
- **Driftevegen i Erdalen**

RS 36/17 Referat frå Fylkesmannen sitt møte med reiselivet i Briksdalen

Fylkesmannen ved Nils Erling Yndesdal og Tom Dybwad har vore i møte med reiselivet i Briksdalen.

Vi vonar at Fylkesmannen kan referere frå dette møtet, enten muntleg eller skriftleg

RS 37/17 Statens naturoppsyn lokalt presenterer årsrapport

Naturoppsyn Anne Rudsengen er snart i mål med årsrapporten for 2017, og vil presentere denne.

RS 38/17 Suphellebreen - Naturoppsyn Anne Rudsengen refererer fra synfaring og møte med grunneigar og kommune

Naturoppsyn Anne Rudsengen har vore på synfaring og møte med grunneigarane ved Suphellebreen og med Sogndal kommune.

Bakgrunnen for synfaringa er utfordringane med stort press frå turistar som skal inn og sjå på Suphellebreen, og det som det fører med seg med parkering, forsøpling og liknande. Særleg presserande er mangel på sanitære fasilitetar.

Anne vil referere frå synfaringa og dele sine tankar om vidare arbeid med desse utfordringane.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	43/17	07.12.2017

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Vurdere krav om retting

Handsaming i styret

Nasjonalparkstyret må ta stilling til kor vidt Sverre Guddal sin plan for korleis arbeidet skal skje vidare og skildringa han gjev av korleis utsjånad og funksjon skal vere når arbeidet er ferdig, er i tråd med det løyvet som er gjeve.

Basert på den vurderinga, må styret ta stilling til om ein skal fremje krav om retting eller ikkje.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Sverre Guddal søkte tidlegare i år om å gjere ein del arbeid på selet sitt «Haraldselet» på Sunndalssetra i Stryn. Ei dør skulle flyttast, kledning bytast og nokre vindauge skulle og bytast ut.

Her er løyve som Guddal fekk frå forvaltningsstyresmakta 03.03.17 (mi understreking):

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir nasjonalparkstyret med dette løyve til Sverre Guddal for å restaurere og endre på selet til Gnr/bnr 14/6, også omtalt som «Harald-selet» på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyvet til ombygging gjeld på følgjande vilkår:

- *Flytte inngangsdøra til den sørvestre kortveggen, inn i det som i dag fungerer som vedskjul. Vedskjulet skal ikkje utvidast eller endrast.*

- *Der den noverande døra er plassert før ombygging, skal eit nytt vindauge setjast inn, lik vindauget som er på same veggen frå før. Vindauga i selet skal ikkje utvidast frå dagens storleik, og dersom vindauge skal bytast ut, skal dei nye ha småruta glas, slik som byggeskikken på Sunndalssetra er.*
- *Taket skal få nytt tekke, anten i form av torv, eller bølgeblikk.*
- *Kledninga på selet skal bytast ut, frå ståande til liggjande kledning. Materialet kan være ubehandla/grånande, eller mørkt brunt, liknande dei andre, opphavlege sela. Kledninga skal ikkje være av typen «villmarkspanel».*
- *Dersom muren skal utbetrast, må den framleis være forblenda av den opphavlege gråsteinsmuren.*
- *Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (umåla) trevirke kan brennast i omnen, eller på nærmare bestemt plass, i samråd med forvaltar.*
- *Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.*

Dette løyvet gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.

Søknad om løyve til frakt av material med motorisert ferdsel må sendast nasjonalparkstyret i god tid (tre veker) før planlagt flyging.

Seinare på året såg statens naturoppsyn på eit av sine synfaringar at noko av arbeidet på selet tilsynelatande ikkje var i tråd med søknad og løyve. På eine kortveggen stod det no ei verandadør i staden for det vindauge som stod der før. Det var ikkje gjeve løyve til å sette inn dør på denne kortveggen og tiltaket bryt med lokal byggeskikk slik det såg ut under synfaringa.

Etter at denne saka hadde vore diskutert i styremøte 30.10, so vart det den 17.11 sendt eit brev til Guddal med førehandsvarsel om at styret vurderer å fremje krav om retting. Tiltakshavar fekk då 14 dagars frist til å uttale seg om saka før den igjen skal opp i nasjonalparkstyret.

Uttale frå tiltakshavar

Den 29.11 sende Guddal følgjande e-post med utfyllande og klargjerande opplysningar til forvaltar:

Hei!

Her kjem litt opplysninger rundt den verandadøren som er satt inn i nord/vest veggen på Haraldselet, ikkje Andersselet som de har skrevet.

Var i kontakt med Maria Knagenhjelm om å få sette inn eit mindre vindauge en det som tidliger var montert i kort veggen, og det sa ho at det var ikkje noko problem.

Vi var også enige om at det ville bli mykje finar en det store vindauge som var der, eg stilte spørsmål om eg måtte sende inn noko søknad om det, det er ikkje nødvendig fikk eg til svar.

Eg fekk då problem med å skaffe eit vinduge som var mindre, ettersom det var ferie og helikopter transport var bestilt saman med fire andre og dato var bestemt.

Her er det at den omtalte verandadøren kjem inn i bildet, den hadde eg ståande heime etter utskifting i huset, dermed vart den med på lasset til sæters.

Det som er planen er å kle inn den nederste delen av døra så den blir lik resten av veggen og då vill det fungere som eit vindauge, som ikkje kan opnast. Det hadde eg ikkje klart å få gjort før Anne Rudseng var på innspeksjons runde.

Eg syntest at det er praktisk å ha døra inntakt til eg er ferdig med restaureringen.

Det er fortsatt ein del ting som står igjen på jobben, men hausten og vinteren kjem når den kjem, så planen er å fortsette til våren med siste finpuss.

Håper at dette forklarar kvifor det står ei kvit verandadør i kort veggen, hadde eg nådd å bli ferdig i sommer så hadde ingen sett at det er ei dør, då ville berre det småruta vindauget vore synlig.

Hokus Pokus så vart ei gratis verandadør, til eit gratis vinduge.

Mvh.

Sverre Guddal sverre.guddal@enivest.net

6798 Hjelledalen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	44/17	07.12.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestilling av tiltaksmidler for 2018

Handsaming i møte

Nasjonalparkstyret skal sette opp liste over dei tiltak ein vil bestille midlar til i 2018.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot)
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet (sjå vedlagt brev)

Forvaltninga sitt framlegg til aktuelle tiltak:

Tiltak	Skildring	Sum
Drifteveg Sunndalen	Ruste opp drifteveg i Sunndalen i tråd med rapport	700000
Plan for innfallsportar	Lage plan/rapport for korleis ruste opp	
Suphellebreen og Bøyabreen	innfallsport/utkikkspunkt ved Suphellebreen	100000
Stien til Flatbrehytta	Utbetre enkelte parti på stien til Flatbrehytta.	
Ferdselsveg Bøyadalen til	Planlagt, men ikkje gjennomført i 2017	10000
Kvitesteinsvarden	Rydding, utbetring av gammal ferdselseg	30000
Kattanakken	Planlegging?	30000
Totalt		870000

Tiltaka på lista skal ha unik prioritering frå styret.

ST 45/17 Eventuelt